

Saksnr.
18/1023-61

Eining/avd/saksh.
FELLESN//20KJEBAR

Arkiv
005

Dato
02.08.2018

Referat, jury for idékonkurranse kommunevåpen

Nytt kommunevåpen - Nye Sogndal kommune

Møtenummer: 6	Møtedato: 26.06.2019
Deltakrar: Aud Kari Isane, Kjetil Kvåle, Rita Navarsete, Trude Risnes, Frode Bøthun og Kjell Einar Barsnes	Ref. sendt til: Aud Kari Isane, Kjetil Kvåle, Rita Navarsete, Trude Risnes, Frode Bøthun

Administrasjonen delte først inn forslaga i sju kategoriar, og juryen hadde som utgangspunkt for vurderinga at kommunevåpenet skal vere nytt for den nye kommunen. Målet var å sitje att med opp til 20 forslag som går vidare til nettavstemminga om folkets favoritt. Undervegs understreka juryen at det var grådig mange fine teikningar, som vi vil vise fram. Dei tema vi sit att med no er fjell, fjord, epla og bautastein. Forslaga er frå både ungar og vaksne. «Vi er meir opptekne av kva vi har felles, enn kva som skil oss.»

Neste steg er at administrasjonen lagar eit forslag til invitasjon til konkurranse blant profesjonelle aktørar. Element frå folkets favoritt skal vere med i aktørane sine bidrag. Dei 20 finalistane går vidare til avstemming i august. Administrasjonen skal gjere greie for to eksterne medlemmar i juryen som skal vurdere konkurransen blant profesjonelle, og det er føreslått at dei bør ha historisk kompetanse og kunne heraldikk.

Kjell Einar Barsnes
prosjektkoordinator

Vedlegg: Juryen sitt utval frå 20 bidragsytarar